

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		22/378

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/23	Arbeidsmiljøutvalet	PS	01.06.2023
035/23	Formannskapet	PS	06.06.2023
030/23	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Utilfredstillande arbeidsmiljø i kommunehuset
Ombygging av hjertebanken til kommunehus

Vedlegg:

Ominnreiing av Gamlebankjen og ventilasjon på kommunehuset
Utbetring og ombygging av Hjartebanken og Helsestasjonen (1)

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Kommunedirektør Olav Mongstad fremma den 5 april 2022 ei sak til formannskapet om at dei tilsette på kommunehuset ikkje har eit tilfredsstillande fysisk arbeidsmiljø.

F - vedtak:

Kommunedirektøren kjem tilbake til formannskap og kommunestyre med ei sak om ombygging av Gamlebanken og kommunehuset. Saka skal innehalde både planteikningar og prisoverslag. Formannskap og kommunestyret vil vurdere kva eventuelle budsjettmessige endringar som då må gjerast. Samrøystes vedteke.

Noverande kommunedirektør har følgd opp vedtaket i saka. Det blei fremja sak til formannskap den 18.10.22 (079/22) og kommunestyret den 27.10.22 (050/22).

K - vedtak:

Kommunestyret tek Utbetring og ombygging av Hjartebanken og Helsestasjonen til vitande. Kommunestyret legg til grunn at saka blir innarbeidd i forslag til årsbudsjettet for 2023. saka blir innarbeidd i forslag til årsbudsjettet for 2023. Me ber i tillegg om at kommunedirektøren ser på mulighetene for å samlokalisere heile kommuneadministrasjonen i Hjertebanken

sidan vedtaket blei gjort og det blei satt av investeringsmidlar i budsjettmøtet den 15.12.22 har situasjonen i kommunehuset blitt verre.

Vurdering

Arbeidsmiljøet for dei tilsette i sentraladministrasjonen i Fedje kommune er ikkje tilfredsstillande, og slik har det vært over mange år. Situasjonen har blitt verre og verre. Fleire stillingar har stått vakant over lengre tid (personalsjef, kommunalsjef samfunnsutvikling, økonomimedarbeidar), og tilsette har flytta ut av bygget og inn i Hjartebanken når det har vært ledig plass, eller til andre bygg (sjukeheimen) og brukt heimekontor. Pr i dag leigar kommunen inn bistand på oppmåling (10%) og på byggesak. Dei sit på kommunehuset dei dagane som dei er på Fedje, og klager over

dårleg fysisk arbeidsmiljø. Dei har mykje kontakt med publikum som må bruke trapp for å nå dei.

Fedje kommune brukar mykje tid og pengar for å rekruttere ny kommunalsjef HR/Forvaltning, kommunalsjef samfunnsutvikling og økonomirådgjevar. Det er viktig å kunne tilby tilfredsstillande fysisk arbeidsmiljø for alle som er tilsett i kommunen. I tillegg er det viktig for kommunedirektøren å ha heile sentraladministrasjonen samla på ein plass, i Hjartebanken.

Det er pr i dag ikkje tilfredsstillande arbeidsmiljø på sjukeheimen og på skulen når det gjeld ventilasjon og inneklima. Situasjonen er verst i kommunehuset, og etter kommunedirektøren si vurdering må difor dette takast først. Etterpå vil det være viktig å få inn behova på sjukeheimen og på skulen inn i investeringsbudsjettet til kommunen.

Folkehelse

Det vurderast som helsefarleg å nytte kommunehuset som arbeidsplass. Tilsette klagar mellom anna over hovudverk og andre helseplager

Miljø

Den fysiske tilstanden på bygget er dårleg. Bygget er ikkje universelt utforma, og trappa er krevjande å bruke. Toaletta fungerer ikkje tilfredsstillande.

Økonomi

Å renovere bygget vil bli veldig kostbart. I slike gamle bygg med manglande vedlikehald over lengre tid blir det alltid avdekka problem som ikkje er synlege i dag, mellom anna i reisverk og i konstruksjonar.

Konklusjon

Det har over mange år blitt arbeidd for å betre arbeidsmiljøet for dei tilsette i sentraladministrasjonen som har hatt arbeidsplass i kommunehuset. Tilstanden på huset har berre blitt verre og verre. For å helde tilsette friske og i stand til å yte ein god jobb for innbyggjarane på Fedje må dei ha ein tilfredsstillande arbeidsplass med eit godt fysisk arbeidsmiljø.

Forslag til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har ansvar for at dei tilsette sin fysiske og psykiske helse og trivnad i kommunen er tilfredsstillande, og ber difor om at kommunen finn andre løysingar enn å nytte kommunehuset som arbeidsplass

Arbeidsmiljøutvalet - 003/23

AMU - behandling:

AMU - vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har ansvar for at dei tilsette sin fysiske og psykiske helse og trivnad i kommunen er tilfredsstillande, og ber difor om at kommunen finn andre løysingar enn å nytte kommunehuset som arbeidsplass.

Samrøystes vedteke.



edje kommune

Formannskapet - 035/23

F - behandling:

F - vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 030/23

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.
Samrøystes.